



Referat frå styremøte Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: Sandane
Dato: Tysdag 27. februar 2024

Program:

1000: Omvising i utstillinga «Attåt» og ei orientering om kulturhistorisk utstilling i verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta
1115: Tid til flytting til Gloppen Hotell
1130: Lunsj på Gloppen Hotell
1230: Sakshandsaming

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset.

Fråfall: Rune Hegrenes og Siri Sandvik. Varamedlemmer var kontakta, men kunne ikkje møte.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim, Henning Hellebust, Bjørg Espe Bolseth.

Anita Aasen hadde innleiing om bygningsprioriteringsprosjektet, Bjørg Espe Bolseth orienterte om .

Orienteringar i møtet:

- **Bygningsprioriteringsprosjektet, prosjektleiar Anita Aasen**
- **Avhending av Vamråk Sildesalteri, søk etter nye ordningar for Lisetbua i Kalvåg, Jotunet i Florø. Status Eidet i Sogndal.**
- **Medarbeiderundersøkinga 2023, personalsjef Bjørg Espe Bolseth orienterer**

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Rekneskap og årsmelding 2023



Saker til handsaming:

- Sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2/2024 Referat frå styremøte 22. november 2023
- Sak 3/2024 Rekneskap 2023 inklusiv årsmelding frå styret
- Sak 4/2024 Sjukefråvær 2023
- Sak 5/2024 Besøktal 2023
- Sak 6/2024 Årleg medarbeiderundersøking
- Sak 7/2024 Bygningsprioriteringsprosjektet
- Sak 8/2024 Avhending Vamråk Sildesalteri
- Sak 9/2024 Rådsmøte 2024, dato og representasjon
- Sak 10/2024 Vedtektsendringar
- Sak 11/2023 Årsrapport 2023
- Sak 12/2023 Innkomne saker

Sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 2/2024 Referat frå styremøte 22. november 2023

Vedtak:

Referatet frå 22. november blir godkjent.

Sak 3/2024 Rekneskap 2023 inklusiv årsmelding frå styret


Vedtak:

Styret vedtek den framlagde resultatrekneskapen med totale inntekter på 75 678 854 kr, driftskostnader på 75 837 430. Inklusiv finanspostar vart resultatet 2 007 334 kr. Vidare vedtek styret balanserekneskapen med ein totalbalanse på 150 298 241 kr. Styret vedtek framlagd årsmelding for 2023. Styret gir direktøren fullmakt til å disponere inntil 1 mill kroner av overskotet til ekstraordinære kostnader med fartøyet Haugefisk. Posten blir øyremarka i balansen og avskriven over 5 år.

Sak 4/2024 Sjukefråvær 2023

Bakgrunn:

MiSf har eit samla fråvær på 2,75%, korttidsfråværet er 1,39% eigenmelding og 0,44% sjukemelde under 16. dagar. Korttidsfråvær på 1,83% er svært tilfredsstillande.




Vedtak

Styret tek rapport om sjukefr av eret til orientering

Sak 5/2024 Bes okstal 2023

BES�OKSSTAD	VAKSNE	BARN	31.12.2023	SUM 31.12.2022
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	2 097	791	2 888	2 880
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	2 299	1 992	4 291	6 147
V�AGSBERGET	756	50	806	215
SUNNFJORD MUSEUM	2 974	1 138	4 112	3 469
DHS-SOBN FOLKEMUSEUM	6 492	3 243	9 735	8 325
SOBN FJORDMUSEUM	680	177	857	0
KVERNSTEINSPARKEN	1 553	944	2 497	1 009
NORSK REISELIVSMUSEUM	7 406	364	7 770	6 414
SOBN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	7144	1457	8 601	5 453
EIKAASGALLERIET	534	54	589	640
ASTRUPTUNET	3526	54	4 059	3 263
SOBN KUNSTSENTER	2250	4	2 254	1 694
SUM KVAR M�ANAD	37 711	10 268	48 459	39 509



Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende, og gler seg over auken.

Sak 6/2024 Årleg medarbeiderundersøking

Vedtak:

Styret tek medarbeidergranskinga 2024 til etterretning. Styret er nøgde med at 90 av dei tilsette trivest godt eller svært godt, og at det er ei positiv utvikling. Styret ser resultatet av granskinga i samanheng med lågt sjukefråvær.

Sak 7/2024 Bygningsprioriteringsprosjektet

Vedtak:

Styret godkjenner rapporten frå Bygningsprioriteringsprosjektet av 2022 med tilhøyrande oversiktsdokument og ber om at desse blir lagt til grunn for den delen av samlingsforvaltninga som gjeld bygningar. Styret ber om at dokumenta som gir oversyn over status blir revidert og oppdaterte ved behov.

Sak 8/2024 Avhending Vamråk Sildesalteri

Vedtak:

Styret godkjenner sal av Vamråk Sildesalteri, gnr 3/bnr 43 i Bremanger kommune til Kalvåg Kystlag, org nr 911 863 499. Salet gjeld bygg og inventar spesifisert i avtale, og kjøpesummen blir symbolsk. Styret føreset at det går fram av avtalen at salet medfører plikter i tråd med intensjonane med bevaring, og at anlegget går attende til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane dersom kjøpar avviklar sin bruk eller engasjement.

Sak 9/2024 Rådsmøte 2024, dato og representasjon



Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma

Vedtak

Styret gjer vedtak om rådsmøte tysdag 16. april, og at styret er representert ved styreleiar Ivar Kvalen. Direktøren kallar inn til møtet så fort det let seg gjere.

Sak 10/2024 Vedtektsendringar

Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma

Gjeldande vedtekter vart vedtekne i desember 2022, stadfesta av Lotteri- og stiftingstilsynet i 13. februar 2023. Der er ein del problemstillingar som må avklarast, og direktøren tek opp desse sakene og gir ei innstilling.

Bakgrunn:

Trass i nokså ferske vedtekter, er det trong for å sjå på nokre av paragrafane, dette gjeld §§ 6 og 8:

§ 6 Rådet: Her går føre seg ei omorganisering av regionråda, der det går mot eit stort regionråd for Nordfjord, Sunnfjord og den tidlegare HAFS-regionen. Sogn Regionråd har skifta namnt til Sognarådet. I skrivande stunde er HAFS lagt ned, og Samarbeidsrådet for Sunnfjord fungerer ikkje. Det er difor naudsynt med ei avklaring på 1) om det nye rådet for storregionen skal vere representert med ein, to eller tre representantar, og 2) om det skal ta seg av slike oppgåver i det heile. I følge

Kunstnarorganisasjonane Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge har hatt kvar sin representant i Rådet. Dette har bakgrunn i at eit av dei konsoliderte musea også hadde funksjon som kunstnarsenter. Denne ordninga er no avslutta, og det er difor ikkje rimeleg med så stor representasjon.

Valkomiteen er omhandla i §8, og her er det ei ulogisk formulering som bør rettast.

Drøfting:

Regionråd: Region Fjordane er oppretta, og det er rimeleg at dei vel ein representant til Rådet.

Kunstnarane: Det er ikkje rimeleg at begge kunstnarorganisasjonane har ein medlem i Rådet etter at kunstsenterfunksjonen er skild ut.

Valkomitè: Denne formuleringa ser ut til å henge att frå ei tid med anna lengde på valperioden. Difor går vi inn for å endre vedtektene til ein valperiode for valkomiteen på fire år, som er lik valperioden for rådsmedlemmene.

Konklusjon og tilråding:



Formulering i gjeldande vedtekter og framlegg til nye vedtekter:

§ 6.

Råd

Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i Sogn, HAFS, Sunnfjord og Nordfjord, vertskommunane for avdelingane (Kinn, Sunnfjord, Gloppen, Sogndal, Hyllestad), eigarstyra til stiftarane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge. Kvar av dei som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet. Valet gjeld for 4 år

Framlegg til ny § 6:

Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, Sognarådet, Region Fjordane, vertskommunane for musesumsarenaene (Kinn, Sunnfjord, Gloppen, Sogndal, Hyllestad), eigarstyra til stiftarane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge vel ein representant i fellesskap. Kvar av dei andre som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet. Valet gjeld for 4 år.

§ 8.

Valkomité

Rådet vel ein valkomité på 3 medlemmer. Vala gjeld for 4 år. Kvart år går den som har fungert lengst, dei to første åra ved loddtrekning. Valkomiteen vel sjølv leiar. Valkomiteen si oppgåve er å førebu dei vala som skal utførast av rådet. Valkomiteen bør arbeide for at det samla styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi i fylket, kjønn og alder.

Framlegg ny §8:

Rådet vel ein valkomité på 3 medlemmer. Vala gjeld for 4 år. Valkomiteen innstiller ein ny medlem kvart år, der den medlemmen som har sete lengst, går ut.

Valkomiteen vel sjølv leiar.

Valkomiteen si oppgåve er å førebu dei vala som skal utførast av rådet.

Valkomiteen bør arbeide for at det samla styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi i fylket, kjønn og alder

Vedtak

Styret vedtek framlagde endringar i vedtektene §§ 6 og 8. Desse lyder no slik:

Ny § 6 Råd:

Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, Sognarådet, Region Fjordane, vertskommunane for museumsarenaene (Kinn, Sunnfjord, Gloppen, Sogndal,



Hyllestad), eigarstyra til stiftarane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge vel ein representant i fellesskap. Kvar av dei andre som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet. Valet gjeld for 4 år.

Ny § 8 Valkomitè:

Rådet vel ein valkomité på 3 medlemmer. Vala gjeld for 4 år. Valkomiteen innstiller ein ny medlem kvart år, der den medlemmen som har sete lengst, går ut.

Valkomiteen vel sjølv leiar.

Valkomiteen si oppgåve er å førebu dei vala som skal utførast av rådet.

Valkomiteen bør arbeide for at det samla styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi i fylket, kjønn og alder

Sak 11/2023 Årsrapport 2023

Vedtak:

Styret godkjenner årsrapporten for 2023 som Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane si oppsummering av arbeidsåret 2023.

Sak 12/2023 Innkomne saker

Der var ingen innkomne saker